



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 21.09.2016

Vår ref.: 2016/10132

Arkivnr.: 461.5

Hjelmeland kommune  
Vågavegen 116  
4130 Hjelmeland

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Statens vegvesen Region vest - Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø - vegforbindelse Fv 635 Helgøy - Mosnes, Hjelmeland kommune - Anmodning om uttale til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn**

**Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas omsyn til ved behandling av søknaden. Kommunens uttale sendes oss innan 8 veker. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.**

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Statens vegvesen Region vest (SVV) om løyve etter forureiningslova og forureiningsforskrifta til utfylling i sjø i samband med etablering av Fv 635 Helgøy – Mosnes i Hjelmeland kommune.

### **Kort orientering om tiltaket:**

Type verksemd:	arbeid i sjø
Plassering:	Helgøysundet (gnr. 84/85, bnr. 1)
Søknaden gjeld:	utfylling i sjø
Berekna volum:	ca. 160 000 m <sup>3</sup>
Berekna sjøbotnareal som blir dekkja:	ca. 15 000 m <sup>2</sup>
Tidsintervall:	2016-2017
Planlagt avbøtande tiltak:	lense for å redusere spreining av skyteleidningar

### **Bakgrunn/søknad**

Formålet med utfyllinga er å etablere fastlandsforbindelse mellom Helgøy og Mosnes iht. reguleringsplan R135 i Hjelmeland kommune. Det er planlagt å bruke overskotsmassar frå Ryfastprosjektet. Massene vil bli transportert frå Solbakk (Strand kommune) til Helgøy med lekter, lastebåt eller tilsvarande. Alternativt kan det vera aktuelt å bruka stein frå Rogfastprosjektet.

Sedimentgranskinga som er utført viser at botnforholdet i tiltaksområdet hovudsakeleg består av sand og stein. Alle de analyserte forbindelsane blei målt i tilstandsklasse I (bakgrunn) og II (god).<sup>1</sup>

<sup>1</sup> Norconsult (2016) Sedimentundersøkelse. Fastlandsforbindelse Helgøy. Hjelmeland kommune. Datert 09.08.2016. oppdragsnr. 5164113.

Botnforholdet i tiltaksområdet består i hovudsak av sand og stein. Utført kornfordelingsanalyse av prøvane viste at > 96 % av sedimentet har kornstorleik større enn 63 µm (sand).

I følge Norconsult<sup>2</sup> vil fyllinga i Helgøysundet ha neglisjerbar effekt på straumforholda i Årdalsfjorden utanom Helgøysundet, og det vil ikkje vera nokre merkbare endringar eller konsekvensar frå tiltaket.

### **Fylkesmannens merknader til tiltaket**

I følge temakart-rogaland<sup>3</sup> er det ikkje registrert viktige naturtypar i direkte nærleik av tiltaksområdet. Det er imidlertid registrert ein svært viktig tareskogførekomst (verdi A) aust for tiltaksområdet, ved Grønvik. Dette er ein middels stor tareskogførekomst som får verdi A ut frå storleiken gitt at den ligg i eit beskytta kystområde, samt at den overlappar med eit viktig gytefelt for torsk.

Søkar planlegg å bruka lense med hengjande siltgardin/not for å hindra spreining av skyteleidningar av plast. Siltgardina/nota vil ikkje vera tett mot sjøbotn. For å hindra skade på tareskogførekomsten og gytefelt kan det bli aktuelt setje krav om å overvake partikkelspreining. Det vil også bl.a. bli satt krav om internkontroll, beredskapsplan, støykontroll m.v.

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningsloven».

### Offentleg ettersyn

Fylkesmannen sørgjer for kunngjering av søknaden i Strandbuen. Kunngjeringskostnadane skal dekkjast av søkar. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

### Utlekking til offentlig ettersyn

Søknaden vil bli lagt ut til offentlig ettersyn i Hjelmeland kommune, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttaler frå interesserte sendes Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

### Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er satt til 8 veker frå kunngjeringsdato.

Kommunen bes innan same tidsrom å innhente nødvendige uttaler frå eigne organ så langt ein finn dette hensiktsmessig. Vidare må det gis opplysningar om det planlagde anleggsarbeidet er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsføresegner m.v. for området.

Kommunens uttale bør gje opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg beskriven i søknaden, og som det bør tas hensyn til ved avgjerda.

Dersom det er ynskjeleg med ettersending av andre saksdokument enn dei som er vedlagt, ber vi kommunen ta kontakt med Fylkesmannen. Vi anbefalar at kommunen føretar kommunal

---

<sup>2</sup> Norconsult (2014) Strøm-konsekvensanalyse Helgøysundet utfylling. Notat datert 27.11.2014. Oppdragsnr. 5146967

<sup>3</sup> [www.temakart-rogaland.no](http://www.temakart-rogaland.no)

sluttbehandling i organ som kan foreta ei heilheitsvurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga sendes Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernsljef

Marte Kjelby  
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Marte Kjelby  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 48  
E-post: fmromkj@fylkesmannen.no

—  
Vedlegg:

Søknadsdokumenter

Kunngjeringstekst

Kopi av brev til andre høyringsinstansar (utan vedlegg)

Kopi (utan vedlegg) til:

Statens vegvesen Region vest    Askedalen 4    6863    Leikanger



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 21.09.2016

Vår ref.: 2016/10132

Arkivnr.: 461.5

Adresseliste

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Statens vegvesen Region vest - søknad om løyve til utfylling i sjø - vegforbindelse Fv 635 Helgøy - Mosnes, Hjelmeland kommune - Anmodning og uttale til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn**

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Statens vegvesen Region vest om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16, samt forureiningsforskrifta § 22-6. Tiltaket gjeld utfylling i sjø ved Helgøy og Mosnes i Hjelmeland kommune.

Søknaden blir kunngjort i Strandbuen, og blir lagt ut til offentlig ettersyn i Hjelmeland kommune, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland, samt på Fylkesmannen i Rogaland sine nettsider [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Miljø og klima» og «Høyringar».

Vi viser vidare til vedlagte høyringsbrev til Hjelmeland kommune, og søknadsdokumenta på Fylkesmannens nettsider.

Fylkesmannen ber om at eventuelle uttaler til søknaden blir sendt oss innan 4 veker.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernshjef

Marte Kjelby  
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Marte Kjelby  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 48  
E-post: [fmromkj@fylkesmannen.no](mailto:fmromkj@fylkesmannen.no)

Vedlegg:

Kommunens høyringsbrev (utan vedlegg)

Adresseliste

Kystverket vest	Postboks 1502	6025	Ålesund
Fiskeridirektoratet region sør	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	Stavanger
Museum Stavanger	Muségata 16	4010	Stavanger
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	Bergen

Kopi (utan vedlegg) til:

Statens vegvesen Region vest Askedalen 4 6863 Leikanger